

Plagiat og annan kjelde- misbruk i boka *Typisk norsk*

Nynorsk kultursentrum og direktør Ottar Grepstad 31.3.2006

1. Samandrag

Boka *Typisk norsk*, utgitt 2005, er trykt i svært mange eksemplar. Forfattarane har gjennom store delar av boka brukt stoff frå dokumentet ”Nynorsken i årstal”, skrive av Ottar Grepstad, publisert i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet og på www.aasentunet.no. Så godt som heile framstillinga i boka av bruksutviklinga for nynorsk på 1900-talet er henta frå dette førelegget.

I alt 46 tekstruter i boka er henta frå det nemnde dokumentet. Likevel er dokumentet ikkje oppgitt som kjelde nokon stad i boka, og der er inga direkte kopling mellom tekstrute og kjelde. Til saman utgjer desse 46 tekstrutene om lag 5 boksider.

4 tekstruter er reine sitat, 31 andre tekstruter inneheld identiske setningar eller meiningsberande setningsdelar.

6 tekstruter inneheld nøkkelinformasjon som forfattarane knapt kan ha funne i andre kjelder.

I 12 tekstruter har dei lagt til ny informasjon som er med og aukar avstanden til førelegget. I 10 av desse blir resultatet feilinformasjon. Berre i 2 av 46 tekstrutar har altså forfattarane lykkast i å leggje inn ny, korrekt faktainformasjon.

All den tid den aktuelle kjelda skriv seg frå ein forfattar som sjølv gav ut ei bok om norsk språk- og kulturhistorie få månader etter *Typisk norsk*, der noko av det same stoffet er brukt, kan ein uinformert lesar bli i tvil om kven som er kjelde til kven.

2. Boka

Boka *Typisk norsk* er skriven av Petter Wilhelm Schjerven, Kristian Westgaard, Håkon Bolstad, Marius Leknes Snekkevåg, Eli Solheim og Frode Sabel Torkelsen, og blei gitt ut av Dinamo Forlag 18.10.2005. Boka er på 320 sider, og er prega av ein omfattande tekstmosaikk og mange små og store tekst- og illustrasjonselement.

Dropout Productions laga på oppdrag frå NRK første sesongen med ”Typisk norsk” i 2004. Den tredje sesongen, med program 21-30, blir sende våren 2006. Programmet vann i 2005 Gullruten for ”Beste kultur- eller magasinprogram” og ”Beste mannlige programleder”.

Dinamo Forlag blei etablert i 2001 som ein frittståande del av kommunikasjonshuset Dinamo. Frå 1.1.2006 selde kommunikasjonshuset seg ut av forlaget. Tidlegare salssjef Ottar Samuelsen er no forlagssjef.

I følgje avisoppslag vi har sett, men ikkje teke vare på, er boka prenta i fleire opplag. I denne dokumentasjonen er eit eksemplar frå førsteopplaget brukt.

2.1 Oppgitte kjelder

Heile forlagsbransjen var på alerten etter Alnæs-saka 2003–2004. Ingen som skreiv eller gav ut bøker i 2005, kunne vere uvitande om at det no var ei heilt anna merksemd om kjeldebruk enn det hadde vore før. Til dette kjem at fleire av dei sentrale redaksjonelle medarbeidarane i Dinamo Forlag hadde mange års røynsle frå forlagsarbeid.

I noko forfattarane kallar ”Etterforord” på s. 5 takkar dei alle som har hjulpet dei: ”Det er også viktig at dere lesar nøye igjennom alle lister over folk som har hjulpet oss, og alle bøkene vi har lest i og stjålet fra – det er nemlig en del (både bøker og folk).”

På side 313 er ”Aasentunet” ført opp i kjeldelista under overskrifta ”Vi takker også for hjelp og bistand fra”. Vi veit at dette gjeld to typar hjelp: illustrasjonar til kapitlet ”Ivar Aasen – mannen og verket”, og ein telefonsamtale som Eli Solheim hadde med Ottar Grepstad sommaren 2005. Verken telefonsamtalen eller personen er nemnd som kjelde, sjølv om det er openbert at delar av oppslaget om Ivar Aasen på s. 80–82 byggjer på den samtalen.

Det er også uråd å vite kva for nokre illustrasjonar i boka som er leverte frå kjelda ”Aasentunet”.

I kjeldelista på s. 315 for kapitlet ”Ivar Aasen – mannen og verket” er www.aasentunet.no ført opp. På den nettstaden er det over 2000 dokument. Kva dokument som har vore nytta, og kvar i desse dokumenta stoff er henta frå, er umogleg å vite.

2.3 Faktiske kjelder

Til *Nynorsk faktabok 1998* (utgitt av Nynorsk Forum) laga Ottar Grepstad den annalistiske framstillinga ”Frå den nynorske skriftkulturens annalar 1813–1997”. Kapitlet i den boka er på 30 sider. Noko slikt var aldri gjort før; dette var eit forsøk på å lage ein krønike om bruken av nynorsk, med særleg vekt på første gong noko hende, og viktige endringar.

Framstillinga blei korrigert, oppdatert og utvida til bruk i basisutstillinga i Ivar Aasentunet i 2000. Tidsrommet var no strekt til 1646–2000, og framstillinga inneheld somme opplysningar ein ikkje finn andre stader.

Den same teksten har vore publisert på www.aasentunet.no under tittelen ”Nynorsken i årstal” ialfall sidan 24.7.2002. Verken i basisutstillinga eller på nettstaden er forfattar oppgitt.

Det er openbert at *Typisk norsk*-forfattarane har brukt denne kjelda svært mykje. Det opplyser dei likevel ikkje om. Det viser seg diverre at forfattarane har solid dekning for ordbruken *stjålet fra*.

3. Innhaldet

Gjennomgangen er konsentrert om eitt temaoppslag og alle tekstrutene om bruken av nynorsk.

3.1 Temaoppslaget ”Ivar Aasen – mannen og verket”

Dette er eitt av mange temaoppslag i boka, og det utgjer tre sider i boka. Forfattarane skriv at dei vil vise ”mannen bak alle ordene”. Det går ganske greitt for seg. Mangelen på verbal presisjon går også ut over faktaframstillinga. Den viktigaste grunnen til dette er at viktige

delar av framstillinga er henta rett frå den nemnde telefonsamtalen. Dette viser att på minst tre punkt:

1) Forfattarane skriv at han [Ivar Aasen] etterlet seg ein formue på 30 000 kr, som er svært avrunda, og frå denne avrunda summen reknar dei så ut kroneverdien i dag med to desimalar. Det kjelda sa, var at han etterlet seg ein formue på over 30 000 kr.

2) Forfattarane nemner at han ”etterlot seg en masse tegninger av vakre jenter” som han hadde klipt ut av blad og magasin. Det kjelda sa, var at det var tale om 15 illustrasjonar som hadde vore vedlegg til blad og magasin.

3) Framstillinga sluttar slik: ”Og begravelseskransene finner du tørket og bevart på Aasentunet i Ørsta.” Det kjelda sa, var at tre gravkransar ligg i magasinet i Ivar Aasen-tunet. At kransane er tørka, er fri fantasi ut frå dagens førestillingar om korleis gravkransar såg ut. I røynda var kransane laga i metall, truleg sølv, og monterte på svarte silkeputer.

Forfattarane har heller ikkje elles sjekka fakta nøye. Det kjem til uttrykk blant anna når dei skriv at Aasen ”hang på Floras eller Asker Salon, eller tok turen nedom Klingenberg”. Faktum er at Flora Salon låg på Klingenberg.

3.2 Tekstruter om bruken av nynorsk

Framstillinga i brødteksten er konsentrert om rettskrivingshistorie og språkutvikling etter 1905, både for riksmål, bokmål og nynorsk. Bruksutviklinga for bokmål er ikkje tematisert eksplisitt. Det er derimot bruksutviklinga for nynorsk.

Eit tosidarsoppslag om ”Nynorskens stilling på 1950-tallet” (s. 170-171) er komponert som ein tilnærma heilskap av forfattarane på linje med ymse andre temaoppslag.

Resten av stoffet om bruksmønster for nynorsk er redigert inn som frittstående tekstruter. Frå s. 39 til s. 291 har forfattarane lagt inn 50 slike tekstruter om bruken av nynorsk. Fire av dei er henta frå ulike kjelder og skriven av forfattarane sjølve. Det gjeld ei litt større tekstrute om 50 000 jakkenåler som Noregs Mållag laga i 1925 (s. 72), ein kortversjon av utviklinga i skulemålsprosenten (s. 108), historia om Norsk Ordbok (s. 134), og om nynorskversjonen av *Peer Gynt* i 1948 (s. 135).

Dei andre 46 tekstrutene er skrivne inn nedanfor. For kvart avsnitt er først framstillinga av hendinga i ”Nynorsken i årstal” sitert. Med innrykk står så den aktuelle tekstruta i *Typisk norsk*, med det aktuelle sidetalet i boka i parentes.

1

1915 - Det skriftlege opplæringspråket i folkeskulen på bygdene skal avgjerast ved folkerøysting i skulekrinsane, og elevane skal ha rett til å bruke dialekt i skulen, vedtek Stortinget.

1915 Stortinget vedtar at skolekretsene skal avholde folkeavstemning over hvilket opplæringspråk de skal ha i folkeskolen. (39)

2

1916 - Det første offentlege landsgymnaset blir opna på Voss.

1916 Det første offentlige landsgymnaset med landsmål som hovedspråk blir åpnet på Voss. (39)

3

1921 - Heile Bibelen på landsmål. Under leiing av Peter Hognestad gir Bibelnemnda åt Studentmållaget i Oslo ut den såkalla Fyrebilsbibelen i eit opplag på 50 000 eksemplar. I det

20. hundreåret blir det selt 1,4 millionar eksemplar av Bibelen og Det nye testamentet på nynorsk. Av nynorskbøker er berre Nynorsk ordliste kjøpt av fleire.

1921 Den første hele bibelen skrevet på landsmål blir utgitt i Oslo. Opplaget av denne såkalte Fyrebilsbibelen er på 50 000 eksemplarer. (39)

4 og 5

1921 - Landsmålet blir kommunalt tenestemål. Voss er den første kommunen som gjer landsmål til tenestemål i korrespondanse med statlege instansar. Tolv år seinare bruker kvar tredje kommune nynorsk overfor staten.

1921 Landsmålet blir kommunalt tjenestemål, og Voss er først ute med å bruke det i korrespondanse med statlege instanser. (39)

1933 Hver tredje kommune bruker nynorsk som korrespondansespråk med staten. (77)

6

1924 - Landsmål blir departementsspråk. Statsråd Ivar Tveiten fastset at alle tilsette i Kyrkjedepartementet skal svare på brev i same målforma som avsendaren har brukt. Kort tid etter gjer fleire statsrådar det same.

1924 Landsmål blir departementsspråk. Statsråd Ivar Tveiten bestemmer at Kirkedepartementet skal svare på brev i samme målform som avsenderen har brukt. (39)

7

1925 - Nynorsk Salmebok. Etter lynrask sakshandsaming godkjenner statsråd Tveiten innunder jul salmeboka til bruk i Den norske Kyrkja. Då har Nesland kyrkjelyd i Telemark alt teke boka i bruk. Norges Presteforening protesterer på vedtaket.

1925 Den første salmeboken på landsmål blir lovlig å bruke i Den norske Kirke. Norges Presteforening protesterer på vedtaket. (77)

8

1930 - Landsmål for monarkar. Under stemnet til Noregs Ungdomslag på Stiklestad held kronprins Olav talen sin på nynorsk.

1930 Kronprins Olav holder tale på nynorsk under Noregs Ungdomslags stemne på Stiklestad. (77)

9

1933 - Nynorsk og bokmål blir jamstelte målformer i programtenesta i NRK. Til sterke protestar bruker Vermeldinga for Vestlandet nynorsk.

1933 NRK sidestiller bokmål og nynorsk, og værmeldingen for Vestlandet blir holdt på nynorsk. Det blir selvfølgelig ville protester. (77)

10

1933 - Nynorsk Vikeblad. Like før jul gir Hans Aarnes ut første nummeret av dette kulørte vekebladet. Han held det gåande til 1954.

1933 Det første ukebladet på nynorsk dukker opp. Like før jul utgir Hans Aarnes første nummer av Nynorsk vikeblad. Han holder det gåande til 1954. (77)

11

1934 - Første lydfilmen med innslag av nynorsk/dialekt. Etter fleire stumfilmar bygde over nynorske romanar og forteljingar lagar Rasmus Breistein Liv etter ei forteljing av Kristofer Janson. Tordis og Alfred Maurstad spelar hovudrollene.

1934 Med Tordis og Alfred Maurstad i hovedrollene blir filmen Liv den første lydfilmen med innslag av nynorsk. (77)

12

1938 - Dialektdiktaren. Alf Prøysen får sine første dikt på prent i Arbeidermagasinet. I førstninga skiftar han mellom bokmål og nynorsk før han gjer dialekten til språket sitt, som i samlinga Drengestu-viser i 1949.

1938 Dialektdikteren Alf Prøysen er blitt 24 år og får sitt første dikt på trykk i avisen Arbeidermagasinet. I begynnelsen veksler Prøysen mellom bokmål og nynorsk, før han ender opp med å skrive delvis på sin egen dialekt. (99)

13

1938 - Nynorsk ordliste. Einar Breidsvoll og Knut Liestøl står for første utgåva av ordlista, som med åra blir det mest brukte nynorske oppslagsverket. Alv Hellevik tek over ordlistearbeidet frå 1959. Det samla salet av ordlista passerer to millionar eksemplar i 1993.

1938 *Nynorsk ordliste* blir utgitt for første gang. Einar Breidsvoll og Knut Liestøl utgir dermed første nummer av ordlista som etter hvert blir det mest brukte nynorske oppslagsverket. (99)

14

1938 - Smørbukk dukkar opp. Teiknaren Jens R. Nilssen presenterer den første teikneseriestripa med Smørbukk i Norsk Barneblad. Det første Smørbukk-juleheftet kjem tre år etter.

1938 Tegneserien Smørbukk ser dagens lys. (104)

15

1940 - Fonna Forlag blir skipa. Med Hans Aarnes i spissen gjer forlaget særleg mykje for å spreie populært lesestoff.

1940 Nynorskforlaget Fonna blir dannet. (99)

16

1940 - Vangsgutane gjer entré. Første teikneseriestripa blir prenta i Nynorsk Vekeblad med tekst av Leif Halse og teikningar av Jens R. Nilssen. Året etter kjem det første juleheftet med Vangsgutane.

1940 Den første tegneseriestripen med Vangsgutane blir trykt i Nynorsk Vekeblad. Året etter kommer det første juleheftet med Vangsgutane. (104)

17

1941 - Science-fiction på nynorsk. Nynorsk Vekeblad prentar første teikneseriestripa med "Ingeniør Knut Berg på eventyr i Austerland". Hallvard Sandnes fortel, Jostein Øvrelid teiknar. To år etter blir det også julehefte av serien.

1941 Norske barn kan for første gang lese science-fiction på nynorsk da Nynorsk Vekeblad trykker tegneseriestripen "Ingeniør Knut Berg på eventyr i Austerland". (104)

18

1944 - Endå ein ny teikneserie: Tuss og Troll. Øyvind Dybvad skriv, Jens R. Nilssen teiknar, Norsk Barneblad prentar. Året etter kjem serien også som julehefte.

1944 Enda en ny nynorsk tegneserie blir lansert da Norsk Barneblad trykker "Tuss og Troll". (104)

19

1947 - Det Norske Teatret startar teaterskule. Første styraren er Gisle Straume.
1947 Den første nynorske teaterskolen blir startet av Det Norske Teatret. Gisle Straume blir skolens første styrer. (132)

20

1951 - Frimerke på nynorsk. Postverket feirar hundreårsdagen til Arne Garborg med NOREG-frimerke. Seinare er det kome over hundre nynorske frimerke.
1951 Postverket lanserer det første frimerket med *NOREG* på. Frimerket markerer hundreårsdagen til Arne Garborg og er det første av mange ny-norske frimerke. (132)

21

1952 - Nynorsk over alle grenser. Det norske passet blir tilgjengeleg både på nynorsk og bokmål. Ordninga sluttar etter tre år, men sidan 1980 har begge målformene vore jamstelte i det norske passet.
1952 Det norske passet lages både på nynorsk og bokmål. Etter tre år blir ordningen opphevet, og først i 1980 blir de to målformene sidestilt i det norske passet. (132)

22

1956 - Mat på nynorsk. Ingrid Espelid Hovig lagar det første matprogrammet sitt i dei prøvesendingane for fjernsyn som NRK no har halde på med i to år.
I 1956 lager Ingrid Espelid Hovig sitt første matprogram i NRKs prøvesendinger for fjernsyn. (173)

23

På slutten av 60-talet gjorde Studentmållaget i Oslo avtale med Steen & Strøm i Oslo om at ekstrahjelper i julehandelen skulle få bruke dialektane sine i butikken.
Julesalg og dialekt. På slutten av 1960-tallet inngår Studentmållaget i Oslo en avtale med Steen & Strøm i Oslo: Butikkens ekstrahjelper i julehandelen har lov til å bruke dialektene sine i butikken. (199)

24

1968 - På Det Norske Teatret i Oslo har *Spelemann på taket* premiere med Lasse Kolstad og Sølvi Wang i hovudrollene. 335 framsyningar seinare har 156 708 menneske kjøpt billett. Verken før eller seinare har fleire sett eit teaterstykke på nynorsk.
Nynorskrekord på teater i 1968. På Det Norske Teatret i Oslo har *Spelemann på taket* premiere med Lasse Kolstad og Sølvi Wang i hovedrollene. Over 150 000 mennesker ser de 335 forestillingene. Med dette settes en uslåelig publikumsrekord for et teaterstykke på nynorsk. (204)

25

1969 - Fjernsynsunderholdning på nynorsk. NRK sender første episode av westernserien *Krutrøyk*. Etter 112 episodar med nynorsk tekst og høge sjåartal er det slutt i 1974.
1969 NRK sender første episode av westernserien *Krutrøyk*. Dette er den første serien med nynorsk tekst. Etter fem år med høye seertall sender serien sin 112. og siste episode i 1974. (198)

26

1969 - Nynorsk Pressekontor blir skipa. Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Kringkastingsringen står bak det nye tiltaket for å få meir pressestoff på nynorsk.

1969 Nynorsk Pressekontor blir dannet etter initiativ fra Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Kringkastingsringen. Målet er å få mer pressestoff på nynorsk. (199)

27

1969 - Alle lærebøker skal liggje føre på begge målformer til same tid og til same pris, vedtek Stortinget i den nye grunnskulelova.

1969 Med den nye grunnskuleloven bestemmer Stortinget at alle lærebøker skal foreligge på begge målformer samtidig og til samme pris. (200)

28 og 29

1970 - 25 prosent nynorsk i NRK. Alle partia på Stortinget (utanom Høgre) går i ei innstilling om norsk språkpolitikk inn for at "hovedregelen må være å gi nynorsken en plass som i det minste svarer til en fjerdedel av ordsendingene" i NRK. Tretti år seinare utgjør nynorsk 27 % i NRK/Radio og 20 % i NRK/TV når halvparten av dialektbruken er rekna med.

1970 Stortinget vedtar "nynorskprosenten" (25 %) for NRK. I innstillingen heter det at "hovedregelen må være å gi nynorsken en plass som i det minste svarer til en fjerdedel av ordsendingene" i NRK. Med unntak av Høyre sto alle partiene samlet om innstillingen. (200)

Nynorskprosenten holder seg. I 1970 ble "nynorskprosenten" innført i NRK. Alle partiene på Stortinget (unntatt Høyre) gikk inn for at "hovedregelen må være å gi nynorsken en plass som i det minste svarer til en fjerdedel av ordsendingene". Og tretti år senere har nynorsken fått en stabil plass i rikskringkastingen. Nynorsk utgjør 27 % i NRK-Radio og 20 % i NRK-TV ved tusenårsskiftet. (291)

30

1972 - Nynorsk i Sportsrevyen. Sunnfjordingen Henning Rivedal er den som første som leier Sportsrevyen i NRK på nynorsk.

1972 Nynorsk i Sportsrevyen. Sunnfjordingen Henning Rivedal er den som første som leder Sportsrevyen i NRK på nynorsk. (200)

31

1974 - Alle lærebøker i andre fag enn norsk skal liggje føre på begge målformer til same tid og til same pris, vedtek Stortinget i lov om vidaregåande opplæring, etter fleire år med omfattande elevaksjonar.

1974 Etter flere år med aksjoner frå elever i vidaregåande skole vedtar Stortinget at alle lærebøker i andre fag enn norsk skal trykkes på begge målformer og til samme pris. (202)

32

1975 - Den første landsomfattande dialektaksjonen. Norsk Målungdom står bak. Noregs Mållag vedtek for sin del å prioritere arbeidet for dialektbruk og nynorsk i skulen.

1975 Norsk målungdom drar i gang en landsomfattande dialektaksjon. Noregs Mållag velger en meir moderat aksjonsform og vedtar å prioritere arbeidet for dialektbruk og nynorsk i skolen. (231)

33

1976 - "Tal dialekt – skriv nynorsk!" vedtek landsmøtet i Noregs Mållag.

1976 Dialektene er i vinden, og slagordet "Tal dialekt – skriv nynorsk!", som har vært i bruk noen år, blir offisielt vedtatt på landsmøtet i Noregs Mållag. (233)

34

1977 - Sogn og Fjordane Teater opnar med framsyninga "Dei siste maksveringar" av Rolf Losnegård.

1977 Med forestillingen "Dei siste maksveringar" åpner Sogn og Fjordane teater. (235)

35

1978 - Siddisrock! Gruppa Stavangerensemblen med vokalisten Frode Rønli gjer furore.

1978 Trønderrocken får seg en utfordrer frå Rogaland: *Siddisrock*. Gruppen Stavangerensemblen med vokalisten Frode Rønli lager store overskrifter på Vestlandet med debutlåta "Kan'kje finna fingeren". I 1980 kommer plata *Ta ein kjangs*, og rock på norsk er i støtet som aldri før. (230)

36

1980 - Ny lov om målbruk i offentleg teneste, vedteken av Stortinget femti år etter den første lova.

1980 Stortinget vedtar ny lov om målbruk i offentlig tjeneste, 50 år etter den første loven. (235)

37

1984 - Donald Duck på nynorsk. Hjemmet gir ut Regnguden frå Uxmal, omsett av Rolf Kirknes. Før eit år er gått, har det kome 2-3 hefte til.

1984 For første gang blir Donald Duck utgitt på nynorsk. Under serietittelen "Eventyrlege forteljingar om Donald Duck & Co" er *Regnguden frå Uxmal* det første heftet som blir utgitt. (Hjemmet gir i alt ut sju Donald Duck-album på nynorsk fra 1984 til 1991.) (232)

38

1985 - Nynorsk tek tid, 1: Kong Olav 5 opnar nybygget til Det Norske Teatret i Oslo – 72 år etter at teatret reiste byggjesaka.

TING TAR TID. I 1985 åpner Kong Olav det nyoppførte Det Norske Teatret i Oslo – 72 år etter at teatret søkte om å få bygge. (266)

39

1987 - Dag og Tid sel den første brukarlisensen til Det Norske Ordrettingsprogrammet, laga av Åsmund Forfang for nynorskskrivande edb-brukarar.

NYNORSK FOR EDB-BRUKERE. Åsmund Forfang lager det første nynorske ordrettingsprogrammet for edb. Det er Dag og Tid som selger den første brukarlisensen i 1987. (266)

40

1990 - Leiaren i kyrkje- og undervisningskomiteen på Stortinget, Theo Koritzinsky, vitjar Ivar Aasen-museet i Ørsta og uttrykkjer undring over at eit stort livsverk er så lite markert.

Arbeidet med å planleggje Ivar Aasen-tunet tek til få dagar seinare.

THEO I ØRSTA. I 1990 besøker lederen i Kirke- og undervisningskomiteen på Stortinget, Theo Koritzinsky, Ivar Aasen-museet i Ørsta. Han blir ikke nevneverdig imponert og mener at Ivar Aasen bør hedres på en betre måte. Kort tid etter begynner planlegginga av Ivar Aasen-tunet. (266)

41

1991 - Bjørn Seljebotn i Nynodata presenterer første versjonen av dataprogrammet Nyno for datamaskinell omsetjing frå bokmål til nynorsk.

MER NYNORSKDATA. I 1991 presenterer Bjørn Seljebotn i Nynodata første versjon av dataprogrammet Nyno. Programmet er det første som oversetter fra bokmål til nynorsk. (266)

42

1992 - Nynorsk Festspelveke i Ørsta/Volda. Prinsesse Märtha Louise opnar arrangementet, som året etter skiftar namn til Dei Nynorske Festspela.

I 1992 arrangerer Ørsta og Volda Nynorsk Festspelveke for siste gang. Det blir riktig nok nynorsk musikk året etter også – på samme sted, men da heter arrangementet Dei Nynorske Festspela – og de går fremdeles for full musikk. (266)

43

1993 - Landssamanslutninga av nynorskkommunar blir skipa, med ordførar Nils Taklo i Ørsta som første leiaren. Etter få år er over 90 % av alle nynorskkommunane medlemmer.

I 1993 slår landets nynorskkommuner seg sammen under navnet Landssamanslutninga av nynorskkommunar. Om lag 90 % av Norges nynorskkommuner melder seg inn i årene som følger. (266)

44

1995 - Opera Software presenterer sin første nynorskversjon av nettlesarprogrammet Opera.

1995 Opera Software presenterer sin første nynorskversjon av nettleserprogrammet Opera. (291)

45

1996 - Ivar Aasen-året 1996. Året blir markert i kvar tredje kommune, med til saman over 1000 arrangement. Stiftinga Ivar Aasen-året 1996 var skipa på initiativ frå Det Norske Samlaget som bad regjeringa markere hundreårsminnet for Ivar Aasens død.

1996 – Ivar Aasen-året 1996. På initiativ fra Det Norske Samlaget markeres hundreårsminnet for Ivar Aasens død, Stortinget bevilger penger, og Ivar Aasen-året blir markert i hver tredje kommune, med til sammen over 1000 arrangement. (291)

46

1999 - Som den siste avisa i landet sluttar Fredrikstad Blad å omsetje lesarbrev på nynorsk til bokmål.

Oversatte leserbrev. Som den siste avisen i Noreg slutter Fredrikstad Blad i 1999 å oversette leserbrev fra nynorsk til bokmål. (291)

4. God skikk

Eit utval under leiing av Ole-Andreas Rognstad la 3.3.2006 fram rapporten *God skikk* om bruk av litteratur og kjelder i allmenne, historiske framstillingar. Bakgrunnen var Alnæs-saka. Utvalet gjer grundig greie for gjeldande fagetiske og rettslege normer på området.

4.1 Fagetiske normer for bruk av andre verk

Rognstad-utvalet legg til grunn at dei fagetiske normene for publisering og bruk av kjelder femner vidare enn den juridiske opphavsretten. Desse normene er dei same for alle kultur- og samfunnsfag, og kan samanfattast om lag slik:

- Kunnskapen skal gjerast tilgjengeleg for andre
- Forfattarar skal bruke andre sine verk på ein sjølvstendig måte
- Forfattarar skal vere reielege i omgangen med andre sine verk
- Plagiat er uakseptabelt
- Avskrift frå andre skal markerast som sitat

Plagiat er å ta stoff frå andre forfattarar og gi det ut for å vere eins eige. Utvalet argumenterer for at begrepet helst bør brukast om ”bevisste krenkelser”, altså at ein veit at ein har brukt eit anna verk (s. 72). ”Den grovaste formen for plagiat er den rene avskrift, men plagiatbegrepet omfattar også tilnærmet avskrift av andres tekst, og mer avgrensede typer av stoff. [...] I tilnærmet avskrift kan det dreie seg om å ha oversatt språket, endret verbets tider eller å ha gjort andre lettere omskrivningar der den opprinnelige teksten ellers følges ganske nøye. Uten henvisning regnes også slike lettere omskrivningar som plagiat.” (s. 43).

Sitat skal vere skrivne nøyaktig slik det skrivne står i førelegget. Her er grunnregelen velkjend: For sitat skal det alltid visast til kjelde. ”Lar man et sitat stå utan sitatmarkering og utan kildehenvisning, er avskriften plagiat og klart uredelig” (s. 44). ”Som et overordnet prinsipp vil utvalget hevde at det er bedre å være generøs med henvisningene enn gjerrig” (s. 47).

I staden for å sitere kan ein *parafrasere*, men også her skal det vere allmenne tilvisingar til kjelda: ”Parafrasering må ikke ligge så tett opp til originalteksten at det i realiteten er snakk om avskrift” (s. 45).

Korleis ein viser til kjelder, kan variere etter sjanger, men det blir stilt ”minstekrav til redelighet” også for såkalla lettare historiefremstilling (s. 51).

4.2 Rettsnormer for bruk av andre verk

Ingen eig fakta. Som det heiter i *God skikk*: Opphavsretten vernar berre den konkrete forma eit tankeinnhald eller faktastoff har fått. Så lenge ein berre har brukt tankeinnhaldet, og ikkje den forma det har fått, har ein ikkje brukt åndsverket ”i lovens forstand” (s. 29). Det er likevel slik at også til dømes stoffutvalet kan vere verna: ”Sitatregelen dekkjer ikkje gjenbruk av slike elementer” (s. 97).

”Om man f.eks. henter faktaopplysningar frå en annen faglitterær framstilling, men setter dem inn i en helt annen sammenheng og bruker helt egne ord, vil man kunne sies å ha benyttet andres verk men samtidig skapt et selvstendig verk” (s. 55).

I bruk av døme bør det ikkje, skriv utvalget, ”oppnås vern for utvelgelse av én bestemt begivenhet eller statistisk opplysning for å illustrere et bestemt poeng. Derimot bør det være mulig å oppnå vern for en større samling av kreativt eksempelutvalg, uavhengig av om sammenstillingen er original” (s. 65).

”Om enkelte setningar hver for seg kan framstå som lite originale og gi lite spillerom for alternative formuleringar, vil situasjonen kunne være annerledes for f.eks. 20 slike setningar sett i sammenheng (selv om setningene er hentet forskjellige steder fra i en framstilling)” (s. 70).

”Videre vil gjentatt gjengivelse av én eller noen få forfatteres uttalelser lettere framtre som snylting på andres innsats enn der man siterer fra et større knippe” (s. 87).

”Gjengivelser av andres tekst utan at det framgår at teksten er hentet fra andre er ikke i samsvar med god skikk, uansett om noen måtte påstå at en slik praksis er vanlig i populærvitenskapelige framstillinger” (s. 88).

”Spørsmål kan reises om en angivelse av forfatteren i en litteraturliste eller annet register foran eller bak i boken, eller for den saks skyld etter hvert kapittel, er tilstrekkelig til å gi uttrykk for at en gjengivelse er sitat frå andre. I sin alminnelighet kan ikke det antas” (s.

89). ”Et minstekrav for *alle framstillingar* må være at det finnes en eller annen form for koblingspunkt mellom sitat og kildeanvisning” (s. 95). ”Det viktige er at det skjer en tydelig kobling mellom sitat og den siterte framstilling, og at de opplysninger som gis gjør at sitatstedet lett kan gjenfinnes” (s. 96).

5. Kjeldebruk

Forfattarane bruker stoff frå ”Nynorsken i årstal” på fleire måtar. Det einaste som er felles gjennom heile boka, er at dei aldri opplyser kvar dei har henta stoffet frå. Lesarane kan ikkje ane kven som har funne fram til og utforma dette stoffet. Forfattarane har basert framstillinga på éi kjelde, men det skriv dei ikkje, og dei nemner ikkje kjelda.

Under sterk tvil kan vi seie at 11 av tekstrutene har fått ei nokolunde sjølvstendig form. Dette gjeld **1, 3, 8, 9, 14, 15, 20, 27, 33, 37** og **42**.

I den kjelda som er brukt, stoppar framstillinga i 2000 fordi den blei publisert i basisutstillinga ved opninga av Ivar Aasen-tunet 22.6.2000. Sjølv om boka *Typisk norsk* kom ut fem år seinare, stoppar framstillinga av same emnet også her i 2000.

5.1 Reine, men skjulte sitat

Det er 4 reine, men skjulte sitat i boka. Med dette meiner vi at heile tekstruta er identisk med førelegget. Slike reine, men skjulte sitat er **6, 30, 44**. Også **46** kan reknast som eit slikt sitat.

Jamvel ein skrivefeil i førelegget er kopierte. I **30** står det i førelegget: ”1972 - Nynorsk i Sportsrevyen. Sunnfjordingen Henning Rivedal er den som første som leier Sportsrevyen i NRK på nynorsk.” Den understreka feilen med eit ord som er skrive to gonger, er med også i *Typisk norsk*: ”1972. Nynorsk i Sportsrevyen. Sunnfjordingen Henning Rivedal er den som første som leder Sportsrevyen i NRK på nynorsk.”

5.2. Andre former for tekstlikskap

Det vanlege er at stoffet er lett redigert i høve til førelegget. I den grad meiningsberande adjektiv m.m. er skifta ut, har framstillinga som oftast blitt mindre presis enn i førelegget.

Rognstad-utvalet skil mellom tre typar tekstlikskap: ”med tydelig nærhet”, ”sterk likhet” og ”identiske ord og deler av ord”. Setningsdelar og uttrykk med tydeleg eller sterk likskap finst i det store fleirtalet av tekstrutene. Med ei litt meir presis inndeling enn den Rognstad-utvalet har brukt, inneheld boka to andre former for tekstlikskap. Når vi ser bort frå dei tekstrutene som er reine sitat, er tala desse:

- 7 tekstruter har identiske periodar: **4, 7, 10, 16, 24, 25** og **38**.
- 28 tekstruter har identiske setningsdelar med eit kvalifiserande meiningsinnhald: **2, 4, 5, 10, 11, 12, 13, 16, 17, 18, 19, 21, 22, 23, 25, 26, 28, 29, 31, 32, 34, 35, 36, 38, 39, 40, 41, 43, 45**.

5.3 Omskrivingar og tillegg som fører til feilinformasjon

12 tekstruter er skrivne om på ein slik måte at forfattarane har lagt til ny informasjon, truleg for å prøve å gjere framstillinga ulik førelegget. Mangel på fagkunnskap hos forfattarane fører til feilinformasjon i heile 10 tekstruter:

I **3** heiter det at "Den første hele bibelen skrevet på landsmål". For Bibelen er det alltid tale om omsetjing.

I **10** blir *Nynorsk Vikeblad* omtalt som det første vekebladet på nynorsk. Forfattarane overser *For Bygd og By*, som er nemnt i førelegget.

I **12** omtalar forfattarane *Arbeidermagasinet* som avis. Det blei utgitt i bladformat.

I **13** skriv dei om "første nummer av ordlista". Ei ordliste kjem ikkje ut i nummer, men i opplag og utgåver.

I **19** skriv dei om noko dei kallar "den første nynorske teaterskolen". Det har aldri vore nokon annan nynorsk teaterskule enn denne eine.

I **25** blir "Krutrøyk" omtala som den første tv-serien med nynorsk tekst. Det er ikkje rett. Til dømes gjekk "Familien Flint" med nynorsk tekst i fleire år før.

I **28** skriv dei (og det gjer mange andre også) at Stortinget vedtek 25 % nynorsk i NRK. Det rette er at det er eit fleirtal som går inn for dette i ei komitéinnstilling.

I **31** skriv forfattarane om førelegget slik at dei misser halve poenget. Dei nemner at lærebøker "skal trykkes på begge målformer og til samme pris", men ikkje at dei skal kome ut samtidig, slik dei gjer i **27**.

I **42** skriv forfattarane om Dei Nynorske Festspela at Nynorsk Festspelveke blir arrangert for siste gongen i 1992. Det står ikkje noko om det i førelegget; faktum er at i 1992 dette arrangementet blei avvikla for første gong. I tillegg skriv dei at "det blir riktig nok nynorsk musikk året etter også", altså i 1993. Dei trur altså at dette er ein musikkfestival.

I **45** skriv dei at "Stortinget bevilger penger" til Ivar Aasen-året 1996. Det gjer mange mange andre også; løyvinga Kulturdepartementet (som vel knapt var spesifisert i statsbudsjettet) utgjorde 25 % av samla inntekter. Forfattarane får det til å sjå ut som om dette var heilstatleg finansiert.

Berre to gonger går det bra når forfattarane legg til faktainformasjon frå andre kjelder: alderen på Alf Prøysen i **12** og (truleg) talet på nynorske Donald Duck-hefte i **37**.

5.4 Faktainformasjon utan andre moglege kjelder

Mange stader er samanstilling og jamføring av opplysningar frå førelegget tekne med over i bokversjonen. Dessutan inneheld 6 tekstruter unik faktainformasjon som forfattarane knapt kunne finne andre stader enn i førelegget.

At Hans Aarnes i **10** gav ut eit nummer av *Nynorsk Vikeblad* alt i 1933, kjem sjeldan med når denne publikasjonen blir omtalt, av di dette var eit prøvenummer. Første ordinære nummer kom i 1934, og det vanlege er difor å snakke om utgiving i tida 1934–54.

I **13** heiter det at *Nynorsk ordliste* blei "det mest brukte nynorske oppslagsverket". Den rangeringa finst ikkje i andre kjelder.

Opplysningane i **23** har vi ikkje sett skriftfesta andre stader enn i dei nemnde kjeldene, med unntak av festskriftet for Kringkastingsringen i 2005, utgitt etter at denne boka var gått i trykken.

Då manuskriptet blei laga, inneheldt berre *Nynorsk faktabok 1998* og "Nynorsken i årstal" opplysningar om tal framsyningar og tal gjester for "Spelemann på taket", som er med i **24**.

Knapt noka anna kjelde enn ”Nynorsken i årstal” gir informasjon om når Det Norske Teatret første gongen tok opp byggjesaka. I **38** er denne opplysninga med.

At det var Åsmund Forfang som laga det ordrettingsprogrammet som er omtalt i **39**, er neppe skriftfesta andre stader enn i førelegget.

6. Konklusjonar

Boka inneheld eit temaoppslag om Ivar Aasen der tilsette i Ivar Aasen-tunet har vore viktige munnlege kjelder. Dette er ikkje oppgitt. Framstillinga er svært omtrentleg.

Vi har levert mange illustrasjonar til boka, men kjelda for desse er ikkje identifisert nokon stad.

Boka inneheld 46 tekstruter om bruken av nynorsk. Alle desse byggjer på tekstførelegget ”Nynorsken i årstal”, utan at kjelde er oppgitt nokon stad i boka. 35 av desse er heilt eller langt på veg identiske med førelegget: 4 tekstruter er reine, men skjulte sitat, omsette til bokmål, medan 31 andre tekstruter har identiske setningar eller meiningsberande setningsdelar. Under sterk tvil kan vi seie at 11 av tekstrutene har fått ei nokolunde sjølvstendig form.

Anten det er reine sitat eller parafasar, endar forfatarane med å plagiere ein tekst dei ikkje oppgir at dei har brukt som einekjelde til nesten heile framstillinga av bruken av nynorsk 1900–2000.

I *God skikk* tek Rognstad-utvalet blant anna føre seg eksempelbruk i eitt av banda til Noregs-historia av Karsten Alnæs. Der heiter det at ”en så omfattende og intensiv bruk av andres eksempel materiale som det her er tale om alltid vil stå i fare for å komme i konflikt med åndsverkloven” (s. 115).

Bruken av tekstruter om bruken av nynorsk i *Typisk norsk* er eit endå verre tilfelle: Forfatarane skjuler sitat, elle bruker store delar av eit førelegg som dei aldri oppgir som kjelde. I nesten alle tilfella der dei prøver å tilføre tekstrutene fakta som ikkje står i førelegget, blir resultatet feilinformasjon. I berre 2 av 46 tekstrutar har dei lykkast i å leggje inn ny, korrekt faktainformasjon.

Ikkje i ei einaste tekstrute har dei prøvt å redigere inn annan informasjon frå det same førelegget som kunne gi meining når omtale av enkelthendingar i ulike år blir lausrivne frå samanhengen. Berre i dei tilfella førelegget har med slike samanhengar om dei hendingane forfatarane bruker, kjem dette også med i boka.